

Opplæringskontoret for prosess og mekanisk industri



pro *aktiv*

På sokkelesten.
Meir side 2.

Grepet på hyblane.
Meir side 3.

Tilbakeblikk og jubile
Meir side 4.

DETTE ER PRO



Elkem Bremanger

EWOS

FUNDO WHEELS

FMI FØRDE MEKANISKE INDUSTRI AS

HAVYARD HYDRO

itm
I.O.S. Tubular Management

INC VEDLIKEHOLD SVELGEN AS

ISS Industri AS

lmi
Løst Mek. Industri

KLAUSEN
Industrier Svelgen AS

Mekanico

nomek

PETERSON

SOLUND VERFT AS

TEEKAY PETROJARL

UTLA KJELDEVATN

VIK VERK A.S

WIS

Komne for å bli - PRO 10 år

Opplæringskontoret har utdanna 321 lærlingar med fagbrev dei 10 første åra. I 1998 starta dei med 20 lærlingar og i dag er det over 100 kvart år. Tal eigarbedrifter har auka frå 3 til 30. Slik sett har PRO synt seg å bli ein viktig faktor i utdanning og rekruttering av fagarbeidarar innanfor prosess og mekanisk industri.

Kort- og langtreiste lærlingar

PRO har rekruttert lærlingar frå heile landet og gjennom kontakt etter endt utanning har PRO hatt høve til å følgje med kvar lærlingar vart av. Dei fleste er i fullt arbeid og mange søkte seg vidare til høgare utdanning. Det er ledig kapasitet til å utdanne fleire lærlingar, men manglar lærlingar.

Pro er synt tillit

For å komme i den posisjonen vi er i dag, har profesjonell, tett og høg fagleg oppfølging vore viktige verdiar. Men erfaringane viser at ein viktig faktor er dei personlege relasjonane mellom den enskilde lærling og PRO.



Personleg oppfølging av lærlingane er ein stor å viktig del av arbeidet i PRO. Her er Jorunn i munter samtale med Svein Henry Langaker på Hydro i Høyanger i 2007.

Må vere generøs

Å sjå lærlingen som eit heilt menneske og legge opp eit utdanningsløp som inneheld meir enn berre det faglege har vore ein viktig arbeidsmåte. Sosiale møteplassar, arrangement og samlingar er ein del av tilbodet i lære tida.

Utvekslinga i Europa har også gitt læretida ein ekstra verdi og ei utfordring for dei ungdommane som ønskjer seg ut i verda.

Felles mål og felles innsats

Alle PRO sine samarbeidspartar er ein vesentleg del av oppskrifta for suksess. Dyktige instruktørar, gode lære plassar og samarbeidet mellom skule og næringsliv eit samspel som har gir gode resultat.

No også offshore



Teekay Petrojarl, ein av våre nyare eigarbedrifter, har ført PRO offshore. Alle lærlingane er offshore på produksjonsskip.

Teekay Petrojarl er den største operatør av oljeproduksjonsskip i Nordsjøen. Dei tre lærlingane er plassert på skipa Petrojarl Varg, Petrojarl Foinaven og Petrojarl 1. Lærlingane utdannar seg til auto-

matikarar og prosessoperatørar. Det er spennande og utfordrande med oppfølging av lærlingar som er offshore. Den personlege kontakta og oppfølginga føregår via telefon og videomøte og uten at det har gått ut over kvaliteten.

I sokkelesten på kontoret

Solund Verft på Hardbakke i Solund kommune er ikkje som andre. Alle som kjem inn i kontorbygninga tek av skoa og vandrar på sokkelesten. Men det er ikkje berre omgangsformen som er spesiell i denne bedrifta.

Fleire nasjonar - fleire språk

Dei tre lærlingane, 2 frå Nordhordaland og ein frå Solund, er del i eit språkvariert arbeidsteam. Med kollega som har polsk og nederlandsk som morsmål, set dei sitt spesielle preg på arbeidsdagen.

Norskopplæring er suksess

Vi har hatt evne til å kunne kommunisere med kvarandre seier Anne Karin Reigstad ved verftet. Dei fast tilsette som er tospråklege er viktige medhjelparar overfor dei som ikkje snakkar norsk. I tillegg må vi gi norskopplæring, og slik opplæring gir både verftet og Solund kommune.



Solund Verft har ei spesiell evne til å få folk til å trivast på verftet, eit omdømme som kan vise seg verdifullt når verftet skal rekruttere ny arbeidskraft.

Alle skal med - uansett

At alle er med fullt og heilt i arbeidsfellesskapen gir eit godt og triveleg miljø. Det er tre forhold som Reigstad peikar på som ligg i botnen når det gjeld å skape gode og langsiktige relasjonar med dei tilsette.

Alle må ha ein god stad å bu, ordna arbeidsforhold og bli ein del av det sosiale fellesskapet. Her blir det ikkje gjort forskjell på fast tilsett og leigearbeidar.

Kunnskapscontainaren

- status

Containaren er i bruk. Leverandøren av utstyret i containaren har gitt opplæring i bruk. Deltakarar på kurset var lærarar frå den vida-regående skulen i Sogn og Fjordane. Tilbakemeldinga etter kurset har vore bra, og skulane er klar til å komme i gang med å bruke han.

Containerlivet så langt

Containaren, som er einestående i sitt slag, var i fjor haust innleigd av utstyresleverandøren Festo, og utstilt på Industrimesse i Lillestrøm.

Han var også nytta på utdanningsmesse i Årdal og Høyanger hausten 2007, i tillegg til at han vart nytta i yrkesorienter-

ing for grunnskulane i Førde. Lærlingane på Hydro i Årdal har nytta han som treningsobjekt i samband med opplæring. Dei fekk høve til å setje seg inn i programma som styrer prosessane og sjå korleis dei endra seg når dei gjorde forandring i parametranne.



Felles strategi

Styreleiar PRO:
Bente Nasset, Havyard

Å snu ei haldning er krevande. Ungdom tenkjer ikkje slik vi gjorde, **kva** vi skulle bli når vi vart vaksne, dei tenkjer **kven** vil eg bli. Rekruttering av unge til framtidige industriarbeidsplassar blir difor endå meir krevande og det utfordrar oss til å føre ein dialog med dei unge på premiss som er relevante for dei. Difor må rekrutteringsarbeidet bygge på ein felles strategi hos industrien samla. Dei kreative og akademiske faga har framleis stor appell hos dei unge. Endeleg har det lukkast oss å bli trudd på at eit yrke i industrien også er for dei kreative, kunnskapsrike og ambisiøse unge.



UTGJEVAR:

Opplæringskontoret for prosess og mekanisk industri.

FORMÅL:

Denne informasjonen er tilrettelagt for medlemsbedriftene og andre som direkte eller indirekte er involvert i PRO sitt arbeid.

PRO ønskjer å være best på utdanning av fagarbeidarar i "våre" fag spesielt og fagopplæring generelt.

PRO skal rekruttere lærlingar til medlemsbedriftene i tråd med bedriftene sine behov for fagarbeidarar, i samsvar med bedriftene sine strategiar. PRO skal være eit fleksibelt opplæringskontor i kontinuerleg utvikling for å tilpasse seg bedriftene sine behov.

ADRESSE:

Concordbygget
Firdavegen 6
Postboks 492, 6801 Førde
Telefon: (+47)57 83 22 60
Telefax: (+47)57 83 22 45
www.pro.sf.no

ANSVARLEG REDAKTØR:

Jorunn Eide Kirketeig
dagleg leiar / director
jorunn.kirketeig@pro.sf.no
Mob. (+47) 911 44 966

REPORTASJE OG FOTO:

Margunn Masdal, eko

FNOTTEN:

Idar Bøyum

PRO:

Jorunn Eide Kirketeig
dagleg leiar / director
jorunn.kirketeig@pro.sf.no
Mob. (+47) 911 44 966

Bjarte Falkenstein
prosjektmedarbeider
bjarte.falkenstein@pro.sf.no
Mob. (+47) 95 17 37 76

Wenche Tollefsen,
administrasjonssekretær
wenche.tollefsen@pro.sf.no
Mob. (+47) 92 42 37 82

GRAFISK PRODUKSJON:

Eko-Trykk AS, post@ekotrykk.no



Førde Mekaniske verkstad

Verksemda vart etablert i 1987 og produserer i hovudsak stålkonstruksjonar, drivreperasjon og vedlikehald overfor ein lokal marknad. Plasseringa på Øyrane industriområde er svært gunstig og det er stor aktivitet i regionen, noko som gir dei eit allsidig arbeidsgrunnlag. Tilsaman er dei 6 tilsette og FM har dei siste åra ei omsetnad mellom 6-7 mill. kr.

Lærlingdebytt etter 20 år!

Det er først i år at FM har inngått ein lærlingkontrakt. Tidlegare har ein i kortare tidsperiodar hatt ungdommar frå Øyrane vgs. Lærlingen trekker gjennomsnittsalderen kraftig ned og det er både spennande og utfordrande å finne rett arbeid, slik at lærlingen får gode lærevilkår.

Lærlingar er rett satsing

Dagleg leiar Arne Per Huus trekkje fram tre grunnar for at lærling er vegen å gå. FM har utelukkande hatt gode erfaringar med unge arbeidstakarar, dei likar å arbeide, dei er entusiastiske og det blir eit betre arbeidsmiljø når fleire generasjonar arbeider i lag. Vanskar med å skaffe kvalifisert arbeidskraft er sjølv sagt den viktigaste grunnen for å satse på lærling no. Føresetnaden var likevel samarbeidet med Opplæringskontoret og den sikkerheita dei gir for både fagleg oppfølging og oppfølginga av lærlingen.

Motivasjon til yrket

Ungommane som har vore innom FM har overraske Huus med sine positive haldningar.



Dagleg leiar ved Førde Mekaniske, Arne Per Huus og lærling Stian Rivedal. Trivsel og godt arbeidsfelleskap er viktig for FM, lærlingen blei raskt ein av oss.

Dei er svært oppgåvemotivert, dei har stor forståing for det høge tempoet og dei raske skifta i arbeidsinnhaldet. Det

gjer at vi trur på framtida og at vi skal ha evne til å omstille oss etter behov i marknaden.

Her vil eg bu

Bustader for ung arbeidskraft kan vere ei utfordring for mindre industristader. Men lærlingane må ha ein stad å bu i læretida og tiltak for å skaffe lærlingane ein god stad å bu, er ein del av rekrutteringsarbeidet.

Dette har Hydro Årdal Metallverk teke eit godt grep om. Hydro lærlingane vil i løpet av kort tid ha rundt 40 hyblar tilgjengeleg i Årdal. Eit eldre hybelhus er pussa opp og hyblane er tilpassa 1 persons behov, med høg standard og ungdommeleg smak.

Å bu godt er ein av dei faktorene som skapar trivsel. Dei som tenkjer rekruttering på lang sikt kan her auke sjansane sine, fortel Jorunn Eide Kirketeig som nyleg har sett hybelhuset i Årdal, og legg til, ein god stad å bu kan både bli argument for å velgje lærestad og grunnlag for vidare engasjement.

Dei første hyblane var klare allereie i januar og resten skal vere klare når dei ny lærlingne



50 meter frå innangsporten til Hydro Årdal Metallverk er ein i ferd med å etablere eit godt bu- og lærlingmiljø. Hydrolærlingne kan trygt pakke i kassar og øskjer, her blir det fint å bu.

kjem i august. Kvar hybel har soverom, stove, kjøkken og bad. Hydrolærlingane får subsidiert husleige, slik at buutgiftene blir tilpassa lærlingane sin økonomi.

Hybelhuset ligg kloss opp til metallverket og det er ønskeleg å kunne skape eit godt bu- og lærlingmiljø med bygget.

Status med yrkestittelen Fagarbeidar

Industrien sitt sterke engasjement for å få ungdom til å "tenne på teknologi" gir no resultat. Samla har 100 fleire ungdommar enn tidlegare søkt yrkesfagleg utdanning til vidaregåande skule frå hausten 2008.

Oppgangen i søkartala til TIP - Teknikk og industriell produksjon er tydeleg både på vg. 1 og vg. 2. Held denne utviklinga fram, vil industrien i Sogn og Fjordane ha god tilgang på fagutdanna arbeidskraft i åra framover.

Denne dreininga frå allmennfag til yrkesfag trur vi skuldast målretta arbeid med å få fram at dei teknologiske faga er konkurransedyktige når det gjeld framtidige yrke for ungdom. Yrka er utfordrande, godt betalt, sikre og er ein sterk plattform for å utdanne seg vidare.

Gjennom opplæringskontoret og i samarbeid med dei vidaregåande skulane innanfor tekniske fag, har ein sakte men

sikkert bygd opp omdømmet til teknologifaga.

Opplæringskontoret har per dato 150 søkarar til 84 læreplassar. Målet er at alle skal ha læreplass når ungdommane har avslutta sine 2 år på vidaregåande skule. Den auka interessa for teknologifaga gjer at konkurransen om dei beste læreplassane blir sterkare og ungdommane må sikre seg eit godt fagleg grunnlag for sin læreplass.



Jorunn Eide Kirketeig dagleg leiar / director
jorunn.kirketeig@pro.sf.no

"Det første ein mester gjer, er å lære."

Kva sto i avisene - eit tilbakeblikk

"Kamp om ungdommen"
Elkem Bremanger og Hydro aluminium i Høyanger og Årdal har store vanskar med å fylle opp alle lærlingplassane sine. Dette sto å lese i Firdaposten 17.12.1997 og beskriv noko av bakgrunnen for at opplæringskontoret vart oppretta året etter.

Store problem med rekruttering til lokal industri pregar mange av avisoppslaga i desse første åra. Når dagens oppslag i avisen rett- ar seg mot lærlingane sine mulegheiter meir enn problem, har 10året ført positive endringar med seg.

I ein av dei første artiklane attende i 1998 står denne overskrifta i Årdal og Lærdal avis "Undersøker rekruteringsvikt." PRO undersøker hos elevar og føresette i 10. årssteget i Årdal kva kunnskap og informasjon dei har om prosessindustrien. Avisa følgjer opp og 15.01.99 er overskrifta er følgjande "Skremmande lite kunnskap om Hydro. 10 år seinare er situasjonen annleis. Fram-



Meldinga om at talet søkarar til TIP har auka er ein god indikasjon på at dei unge sine haldningar til industrifaga er i ferd med å endre seg.

leis er det ein kamp om ungdommen, men stadig auke i etterspørsel er meir utfordringa i dag.

Då PRO reiste ut av fylket for å finne kandidatar til ledige læreplassar får det eit oppslag i Porsgrunnsavisa Varden den 4.02.99. I

Firdaposten 21.06.99 kjem ein lengre artikkel frå studieturen til industrien i Porsgrunn og Halden med overskrifta "Studerte rekruttering i Telemark og Østfold".

"Pop i Norge - ut i Sogn" er ei overskrift frå Årdal og Lærdal avis den 19.01.2000. Artikkelen peikar på det faktum at ungdom i fylket valde vekk utdanning innan kjemi- og prosessfaget medan skuleelvar andre stader sto på venteliste for å komme inn. Mangel på kunnskap om og interesse for faget og var slik sett på dagsorden og likande artiklar om tema har kome seinare.

Partnerskapen mellom PRO og lærarutdanninga ved Høgskulen i Sogn og Fjordane fekk oppslag i fleire aviser i 2000. Seinare har PRO inngått patnarshaps avtalar med industribedrifter i Europa. "Til Bryssel for å finne partnarar", ei overskrift i Årdal og Lærdal avis 03.01.2001. Fleire land melde si interesse for å utveksle studen- tar. Og utveksling vart det. Ein av dei første var Gaute Løset som fekk ta fire veker av opplæringa si i Tyskland i 2000. "Stappfull av inntrykk" fortel han til Årdals og Lærdals Avis. Seinare kom tyskar- en Rene König til Årdal.

10 års jubileet - festen er i Årdal den 28. mai

PRO - jubileet skal sjølvsgatt feir- ast og festen skal føregå i Årdal den 28. mai.

Vi kan love ein spennande dag med både innsikt og kunnskap, eit blikk inn i glasskula og mykje meir. Endeleg program vert lagt ut så snart alt er klart.

Adm. direktør Stein Lier Hansen frå Norsk Industri kjem, NAV ved Frode Henden, lærlingen sin tale blir av Øystein Pedersen, lærling ved Fundo, og fleire.



Har du lyst å vere med oss på feiringa kan du alt no melde deg på til: post@pro.sf.no
PS. Plass til 100 gjestar.

STILLING LEDIG SOM OPPLÆRINGSKONSULENT I PRO

Dette er ei fantastisk spennande og utfordrande stilling, her kan du kombinere talent, praksis, utdanning og feridigheiter. Sjekk pro.sf.no

Bli kjent med



Pål Gunnar

Pål Gunnar Beinnes er lærling hos Nomek i Styn. 18 åringen frå Olden er industrimekanikarlærling med stor interesse for å "mekke".

Det har vore lett å finne seg tilrette på den nye arbeidsplassen. Dagane går fort og det er kjekt på jobben. Ordna og ordentlege forhold på arbeidsplassen er også med å skapar trivsel.

Pål Gunnar har flytta for seg sjølv og bur i Styn. Det er greitt å være ung i Stryn meiner han, og fortel at det gjerne blir ein del "mekking" på fritida også. Skitrekket lokkar om vinteren og trening i studio elles. Men Pål Gunnar har ikkje noko imot å berre slappe av også!

